

## Øystese sokneråd

### 5610 Øystese

#### Referat frå møte i Øystese Sokneråd

**Stad:** Øystese kyrkje

**Dato:** 08. jan. 2018

**Tid:** kl. 19.00 - 21.30.

Soknerådsmøta er opne.

<b>Dato:</b> 08. jan. 2019		
<b>Til stades :</b> Hans Atle Soldal, Trude Femsteinevik, Kjell Arne Gjørn, John Kristian Rykkje, Oddvar Ulltang, Hege Dale, Bodil Lie Øyri, Rannveig Linga, og Anne Marit Rykkjen		
<b>Ikkje til stades:</b> Lars Arne Vik, Sidsel Iren Neteland Linga, Anne Luth-Hansen Oma, , Helge Erik Olsen, Gunnvor Utne Mæland		
<b>Leiar:</b> Oddvar Ulltang		
<b>Skrivar:</b> Anne Marit Rykkjen		
<b>NR:</b>	<b>SAKER:</b>	<b>MERKNADER:</b>
1.	Godkjenning av innkalling, referat og sakliste + ord for dagen	<ul style="list-style-type: none"><li>• Innkalling, referat og sakliste vart godkjend. Oddvar las frå samlingsbøna.</li></ul>
INFO	Post, soknerådsvalet, glasmonter, jubileumsskrift.....	<ul style="list-style-type: none"><li>• Soknerådsvalet: 14. februar vert det møte om valet. Me oppmodar alle i soknerådet til å møta.</li><li>• Jubileumsskrift: Det har vore mykje korrekturlesing på skriftet. Heftet ligg i kyrkja og såleis kan fleire henta seg eit eksemplar om dei ynskjer. På julaftan låg det og eit lite ark med vipps og kontonummer om nokon ynskte å gje ei gåve til trykkinga av heftet.</li><li>• Onsdag 13. mars vert det foredrag med Kristin Frøysa med temaet «Framtida er elektrisk, Vindmøller på Torefjell og i Nordsjøen?» Foredraget vert i Øystese kyrkje.</li></ul>
2.	Evaluering gudstenester, juletreffest.....	<ul style="list-style-type: none"><li>• Juleaftan 2018: Det var ei fin gudsteneste. Litt over 300 møtte og såleis var det plass til alle. Me var nok noko spente på kor mange som kom. Det var berre ei gudstenesta i Øystese kyrkje i år, den starta 14.30. Det var og færre familiar med born denne julaftan.</li></ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2. juledag: 75 personar møtte til gudsteneste. Det var litt misforståing om oppmøte for konfirmantane. Nokre møtte kl.11.30 i staden for 10.30.</li> </ul>
3.	Diakoniplan/diakoninemnd	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert sett opp ei liste med ei prioritert rekkefylgje for arbeidsoppgåvene våre. Viser til liste som Hans Atle har sendt ut.</li> <li>• Me ynskjer å invitera Kari Furnes Ålvik, kateket og kyrkjelydspedagog til eit besøk her i soknerådet. Då kan me drøfta samarbeidet og planane våre.</li> <li>• Når det gjeld kyrkjekaffi, kan me kjenna litt på at me kanskje har hatt litt for lite fokus på det i det siste. Me ynskjer framleis å ha kyrkjekaffi på Kabuso. Men me vil og ha kyrkjekaffi i kyrkja. Me ynskjer å verta flinkare på å snakka om det i forkant, før preika. Det er og svært viktig for oss og halda den gode kontakten, med dei forskjellige laga som hjelper oss med kyrkjekaffi når det høver. Me set stor pris på det dei gjer.</li> <li>• Me bør tenkja heilskapleg når det gjeld konfirmantane våre. Korleis me best kan ta i mot tidlegare elevar/konfirmantar som skal hjelpa oss. Det er viktig at dei må verta godt orientert på førehand.</li> </ul>
4.	Tårnagent, gudsteneste 20.01.19	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det vert familie gudsteneste 20. januar.</li> <li>• Innspel frå kyrkjepedagog: Borna/tårnagentane treng ikkje koma på gudstenesta, det vert ikkje ein del av tårnagent-opplegget . Men dei vert invitert generelt og kan sjølv bestemma om dei deltek. Det vert kyrkjekaffi denne dagen.</li> </ul>
5.	«Ein god dag 2019»	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Invitasjon frå Eli Tveitane og Norheimsund Indremisjon, «Ein god dag» vert 25 og 27. mai. Turgåing, prat og hagearbeid er noko av arbeidsoppgåvene. Vil du vera med gje melding til Hans Atle, han vert vår kontaktperson.</li> </ul>
6.	Eventuell fjerning av benkar framme i kyrkja, universell utforming.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Soknerådet går inn for å søkja om å fjerna benker i kyrkja. Ein ynskjer å ta bort to benker framme, ein på kvar side. Dette frigjer noko plass framme i kyrkja og gjev rom for ein friare bruk.</li> <li>• Ein ynskjer også å laga plass til rullestolbrukarar i midten av kyrkja. Her ser me for oss å ta av ca. ein tredjedel av to benker i midten, på kvar side i kyrkja. Då får ein to</li> </ul>

		kortare benker på kvar side av midtgangen. Lagar ein små «lommer» i det midtarste partiet i kyrkja, vert det god plass for rullestol.
7.	Utarbeiding av ny infofaldar, opprette arb.gruppe.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me ynskjer å ha ferdig ny infofaldar til Øystese kyrkja i juni månad. Rannveig og Jon Kristian jobbar med dette.</li> </ul>
8.	Friluftsgudsteneste i Øysteseparken 2. påskedag. Komitè.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjell Arne vert vår kontaktperson for friluftsgudstenesta, som i år vert i Øystese parken.</li> </ul>
9.	Årshjulet, Plan for vårhalvåret 2019	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsmøte for Øystese kyrkje vert 17.mars. <b>Oddvar sender ut oppdatert årshjul.</b></li> </ul>
10.	Økonomi	Saldo stabil på over 30.000,-
11.	Innramming av alterduk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gunnvor og Anne Marit har vore i kontakt med Anja på Express foto og avtalt ramme mm. Anja ynskjer nytt møte. Då går me gjennom alt om økonomien og innramminga, før ho startar prosjektet..</li> </ul>
12.	Glasmonter av Gamlekyrkja	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tor Inge Haltvik har laga ferdig glasmonteren av Gamlekyrkja. Den vart ferdig montert framme i Øystese kyrkje, i veka før jul. Rekninga vert send til Trude.</li> </ul>
13.	Kvalitetssikring av oppgåver i jan/febr	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kyrkjevertar: <b>20. januar: Ranveig og Hege</b> <b>03. februar: Trude og Bodil</b></li> </ul>
	Eventuelt	Møtet vart avslutta med Vår far slik me pleier.